

## Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

2024:4

Tidspunkt: Fredag 18. oktober kl. 11.00—15.30

Til stades: Odd Erik Holden, Bente Lindahl, Brita Brenna, Odd Arne Klemmetsrud, Arne Erik Fønhus, Kristin Gulbrandsen og Frode Rolandsgard. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Tove Stubbene og Anne Marit Noraker.

Stad: Valdres Folkemuseum, Fagernes

### Sak 8/2024: Orienteringar

#### **1. Rehabilitering Velkomstbygget**

Arbeidet med rehabilitering av Velkomstbygget tok til cirka 1. juni. Arbeidet har gått bra, men det vart tidleg avdekka skadar i konstruksjonen, noko som har ført til forsinkelse i prosessen. Forsinkelse har det òg vore i leveransen av solcellepanela. Desse er no på plass og taket mot vest vil i all hovudsak vere ferdigstilt i løpet av eit par vekers tid. Arbeidet med utskifting av kledning mot aust er òg i gang. Innvendige tiltak blir påbegynt så snart dei utvendige tiltaka er avslutta.

Prosesen har ført til ei endring i storleiken på solcelleanlegget. Anlegget er no redusert til 64,38k WP. Dette fører til ein reduksjon i kontraktssummen frå kr. 702 500,- til kr. 633 200,-. Ytelsen blir noko mindre, men dette får inga konsekvensar med avkorting av den tildelte støtta. Tiltaket skal stå ferdig innan fristen for rapportering som er 31. desember.

Orientering ved Ole Jonny Kalstad, Takst Innlandet.

#### **2. Flaumsikring**

Administrasjonen signerte i mai oppdragsavtale med SKRED om kartlegging av flaumsituasjonen for Valdres Folkemuseum, samt forslag til varig sikringstiltak. SKRED var på befaring onsdag 8. mai og ein rapport vart presentert for museet 3. september. I møte vart det då bestemt å følgje forslag om flaumvern for sikring mot 200 årsflaum, dette som ein kombinasjon av flaumvoll/platå og mobilt sikringsgjerde. Eit slikt tiltak vil kunne gje ei sikring mot vannstand på inntil 359,3 moh.

I møte med Skred 1. oktober såg ein vidare på løysingar for tilpassing til landskapet. Det vart då foreslått å strekke vernet forbi amfiet mot sør. For å unngå ein potensiell ekspropriasjon vil ein tilrå å fjerne trafostasjonen som i dag ligg plassert mellom museet og nabo i vest. I møte med Nord-Aurdal kommune 10. oktober fekk vi gode tilbakemeldingar på planane. I møte gjekk kommunen òg langt i å seie at tiltaket truleg ikkje vil utløyse krav om reguleringsplan eller dispensasjon.

Oppdraget har per august hatt ein kostnad på i underkant av 130 000 kroner.

Administrasjonen fekk i førre styremøte i oppdrag å utarbeide ein henvendelse til eigarane for å synleggjere behovet for kommunal og statleg medfinansiering til flaumtiltak, samt viktigheita av at det blir tatt eit heilheitleg kommunalt beredskapsansvar. Dette er ikkje gjennomført i påvente av utgreiinga.

Orientering ved Lars Staver Eid, SKRED

**Vedtak:** For orientering 1, rehabilitering av Velkomstbygget, ber styret administrasjonen ferdigstille tiltaket innfor fristen og den justerte kostnadsramma. For orientering 2, flaumsikring, ber styret administrasjonen jobbe vidare med prosjektet med forankring i kommunen, fylkeskommunen og statsforvaltaren, samt å halde god dialog med naboar og andre aktuelle partar.

### **Sak 9/2024: Rekneskapsrapport per 31. august 2024**

Rekneskapan syner eit mindreforbruk/positivt resultat pr. august på kr. 1 148 832,-. Dette skuldast blant anna ei omfordeling på personalområdet med ein vakanse og ei redusert stilling.

Gjennomgang av rekneskapan ved økonomisjef Tove Stubbene. Rekneskapsrapporten ligg vedlagt.

**Vedtak:** Styret tek rekneskapsrapporten til vitande.

### **Sak 10/2024: Budsjett og handlingsplan for 2025, utkast**

Tiltaksplanen speglar det økonomiske handlingsrommet. Dette følgjer av dei økonomiske vilkåra gitt av Stortinget og andre bidragsytarar, i tillegg til dei inntektene som museet skapar sjølv.

Arbeidsplanen følgjer opp ambisjonane og målsettingane slik desse er uttrykt gjennom styret sin strategi. Arbeidsplanen følgjer òg opp dei måla som styresmaktene ber oss følgje særleg opp, og elles dei pliktene som følgjer av avtaleverk, tilskottsbrev og samarbeidsavtaler.

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet sidan 2008. For 2024 auka dette med ytterlegare 1 mill. kroner og utgjer frå 2025 i underkant av 15 mill. kroner. Det kommunale bidraget er lågt. Eit mål må vere at dette tilskottet aukar.

Straumkostnadane var svært høge i 2022. I 2023 fall desse til eit normalnivå og for 2025 budsjetterer ein med straumkostnadar på 400 000 kroner. Det har vore stabile KLP-kostnadane i fleire år og for 2025 er desse budsjettert til 2 mill. kroner.

Med prosjektmidlar får museet realisert ei rekke tiltak. Prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i museet sitt budsjett. Det er flott, men det betyr at det ikkje ligg inndecking for dei faste

kostnadane – som aukar, i dei faste tilskotta – som ikkje aukar like mykje. Fleire prosjekt går mot ei slutt i 2025. Utan nye prosjekt vil det ikkje vere mogleg å halde oppe aktiviteten som i dag.

Innsatsar innfor området kulturelt mangfald er til dømes prosjektet «Ung i debatten», eit demokrati-læreprogram for elevar i den vidaregåande skulen. «Ung i debatten» er støtta av Sparebankstiftelsen DNB og blir i 2025 vidareført med eit fornya tilskott frå stiftinga på 3 mill. kroner.

Styret vedtok i 2021 å løfte støling og hyttekultur som satsingsområde. I 2022 fekk ein 2,6 mill. kroner frå Kulturdirektoratet til tiltak på dette området. «Eit skigardsdele», som er namnet på prosjektet, går over tre år og skal bidra til auka kunnskap om forvaltning av utmarka. Prosjektet blir til i samarbeid med Randsfjordmuseet, Lillehammer Museum, Gudbrandsdalsmusea og Anno Museum.

Valdresmusea har òg prosjektmidlar til istandsetting og antikvarisk restaurering. Med støtte frå Stiftelsen UNI (200 000 kroner) og Kulturdepartementet (1 mill. kroner) blir det gjennomført tiltak på Frigstad-plassen på Valdres Folkemuseum og Stabel-bygningen på Bagn Bygdesamling. Tiltaket på Bagn blir ferdigstilt i haust medan tiltaket på Frigstadplassen blir ferdig våren 2025. Eit anna viktig prosjekt på dette området er handverkssatsinga «Kloke hender», som er ei handverkssatsing for barn og unge og som får støtte på 3 mill. kroner frå Sparebankstiftelsen DNB.

Valdresmusea har lenge hatt behov for dedikerte handverkarar. I 2023 vart det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på Fagernes og ein handverkar i 40 % stilling i Hedalen. Handverkaren på Fagernes har redusert stillinga si til 40 %. Det blir i 2025 tilsett ein ny handverkar i 100 %. Ein halde fram med å kjøpe tenester på dette området.

Med auka rammer frå staten blir det for fyrste gong tilsett ein forskar i 100 % stilling.

Pandemien skapte store utfordringar for museumssektoren, men utanlandsmarknaden er no på veg tilbake. I 2024 er det ein liten vekst i salet av billetter, og ein vel derfor å budsjettere dei same inntektene også for 2025, kr. 830 000.

**Vedtak:** Styret ber administrasjonen ferdigstille utkast til arbeidsplan med dei merknadane som kom fram i møte. Endeleg budsjett og handlingsplan blir lagt fram for vedtak i styremøte i januar 2025.

### **Sak 11/2024: Budsjettsøknad KUD 2026, utkast**

Budsjettsøknaden til Kulturdepartementet med frist 1. desember opnar for søknad om auka driftsmidlar på inntil tre nye tiltak. Ordlyden i søknaden er begrensa til 750 teikn. Valdresmusea sitt rammetilskott har auka fleire gonger dei siste åra, og auka har vore knytt til områda folkemusikk, musikkinstrument, bunad, folkedrakt og mangfald. Dei omsøkte tiltaka har følgd styret sin strategi.

**Vedtak:** Administrasjonen utformar budsjettsøknaden i tråd med prioriterte satsingar og styret sin strategi.